

## Merknader til 2 gangs høyring, reguleringsplan (områdeplan) Fitjar sentrum

Me vil med dette nytta høvet til å komma med fleire merknader til reguleringsplanen

- Arbeide med regulering av sentrum har utspring i frå arbeidet som den tverrpolitiske «Molo gruppa» i sin tid utførte, noko som førte fram til at det vart satt av kr 1 mill. til regulering av sentrum nord. Forventningane til dette regulerings arbeidet var at det skulle fyllast i sjø og lagast barrierar i form av molo eller små øyer som skulle gi en lun og fin gjeste hamn med attraktive områder for både tilreisande og fastbuande. Sentrum skulle også utvidast for framtida med fylling i sjø for å spare dyrka mark når behovet for meir areal måtte melda seg. Reguleringsområdet vart derfor trekt lenger ut i Fitjarvika for å vere sikker på at det vart plass til dette. skal det vere realistisk med molo eller liknande må dette realiserast innanfor reguleringsområdet blant anna på grunn av dybde forhold. Ber derfor om at dette med molo vert teken inn i planen igjen, om ikkje anna så med ei omsynssone for framtidig realisering.
- Det har gjennom planarbeidet vert stort fokus på utforming og Fitjar sin historie og identitet .Den planlagde betong flyte saken som skal liggja rett nordom Larsen vil bli veldig dominerande i Fitjarvika og fremstå som et forstyrrende element. Ber om at denne vert vurdert på ny.
- Når kommunen regulerer heile sjølinja i sentrum så er det viktig at alle som eig noko der får mulighet til å utvikle sine eigedommar. Det blir derfor veldig feil når nåken eigedommar som til dømes meieri tomten får ein utnyttelses grad på 90% (noko som er bra for deira utvikling) medan andre ikkje får gjera noko som helst. Som til dømes eigedomen ved Bankbygget. Det kan ikkje vera kommunen si oppgåve gjennom regulering å bestemme kven som får gjera noko, Må heller styre utviklinga til det beste for bygda.
- Sist det vart regulert i sentrum var det hastverk for å få planen ferdig slik at utvikling kunne ta til. Det har ikkje skjedd så mykje sidan då. Igjen er det stort hastverk og me må prøve unngå at historia gjentar seg. det gjer me best ved å gje mange tomte eigarar mulighet for å realisere prosjekt. Da er tross alt utvikling og attraktivitet i sentrum som er viktigast her.

Jo Kjetil Strand

Høgre

-